


Fedje kommune
v/teknisk sjef Øyvind Tolleshaug
5947 Fedje

Fedje 8. okt 2021, rev 11.jan.22

FEDJE GRAVPLASS, KNR 4633 GNR 168 BNR 129 OG 488 FORPROSJEKT FOR UTVIDING BØGARDSVIKA GRAV- OG URNELUND

På oppdrag for Fedje kommune er arkitekt og ingeniør-firma ARTEC AS engasjert til å utarbeide planer for utviding av den eksisterende gravplassen på Koppen.

Utvidinga skal lokaliseras i samsvar med, og innafor område avsett til formålet i reguleringsplan, godkjent av Fedje kommunestyre 26.9.2002 i sak 50/02, og som Fedje kommune i dag eig:



Til reguleringsplanen gjeld følgjande føresegner:

§ 3 OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

I trafikkområdet skal det vera:
Kjøreveg
Parkeringsplass

Kjørevegen skal ha ei breidd på min. 6 m slik som eksisterende veg, i tillegg til naudsynt areal for skulder og sideareal.

Parkeringsplassen skal nyttast av dei som vitjar gravplassen.

Avkørsle til parkeringsplassen skal også vera avkørsle til eigedomen gnr. 168, bnr.3.

Svingradius på avkørsle til parkeringsplassen skal vera min. 4 m. Parkeringsplassen skal ligga minimum 12 m fra midtlinia i fylkesvegen. Det kan byggjast maksimum 27 parkeringsplassar innafor område for parkeringsplass.

§ 4 SPESIALOMRÅDE

Gjeld:
Område for gravlund
Frisiktoner for veg

Område for gravlund skal brukes til gravplass samt naudsynte veger, anlegg og bygg for dette.

Gjerde (steingard) kring gravlund kan byggjast inntil 6 m frå midtlinia i fylkesvegen. Eksisterande gjerde langs fylkesvegen kan stå sjølv om det er bygd nærmere enn 6 m frå midtlinia i fylkesvegen.

I frisiktoner skal det vera fri sikt i ei høgde av 0,5 meter over planum til vegane. Parkeringsplass i frisiktoner er ikkje tillate.

Lokalisering av aktuelt område for utviding mv er markering på kart:



Dokument knytt til utvidinga:

- a) **Oversiktsdel** som viser plassering; grenselinjer; trafikkforhold og plassering av nye og gamle gravfelt –
 - Av reguleringsplan, kartvedlegg og flyfoto mv går tiltaket si plassering fram i forhold til åtkomst, parkering, tilstøytane gravplassar og nabolag. Framlegget er i samsvar med gjeldande planer.
- b) **Teknisk del** som viser gravfelt med eventuelle særskilte føresegner for gravminne; veger og driftsareal; bygningar; plantning; inngjerding; planering; drenering og andre leidningar i bakken; detaljer av gjerde; vann post mv. og gravkart.
 - Utvidinga av gravplassen vert ei vidareføring av dei eksisterande gravplassane, tilpassa etter dagens krav.
- c) **GEO teknisk vurdering** med undersøking av jordbotnen med jorddjupne, kornfordeling og grunnvassnivå
 - Teknisk etat i Fedje kommune har stått for innmåling av terrengprofil med terrenghøgder og bonitet. I området er det deponert jordmassar som ein med sålding for fjerning av stein mv reknar må kunne nyttast, i lag med tilførte nye jordmassar. Geotekniske utfordringar for aktuelle tiltak, kan ein ikkje sjå aktuelle i samband med utvidinga. Tilhøva med omsyn til overvatn, grunnvatn og drenering ser ein som gunstige, med jamt terregnfall og kort avstand til etablert avrenning frå dei etablerte gravfelta.


Andre aktuelle dokument, basert på godkjenning av dei formelle overordna dokumenta, vert utarbeidd fortløpende, som del av det videre arbeid med prosjektet. Det vil omfatte mellom anna:

- a) **Gravkart for kvart gravfelt** og kvar grav med egen ID i samsvar med standard fastsett av Statens kartverk (SOSI). Gravplan over gravplassen i målestokk 1:100.
- b) **Byggeløyve og ferdigattest.** Ved anlegg, utviding / endring av gravplass krev byggeløyve og ferdigattest etter plan og bygningslova, samt helseverngodkjenning.

- a. Godkjenning av, eller uttale om plan for gravplassen frå statsforvaltaren, skal følge byggesøknaden.
 - b. Ferdig opparbeidt gravplassareal skal godkjennast av statsforvaltaren, før arealet kan takast i bruk. Statsforvaltaren skal sjå til at det føreligger kommunal ferdigattest og erklæring frå gravplassmyndigheten om at gravplassen er ferdig- stilt og i samsvar planane
 - c. Grunnvatn og drenering. Aktuelle røyranlegg vil visast på dei kommande teikningane. (*Høgste grunnvasstand i gravfelt skal ligge minst 0,3 meter under kiste eller urne. Drensleidningar i gravfelt skal leggjast i eigen trasé av minst 1 meters bredde mellom gravrekkekene. Drensleidningar med tilbehør skal være av høg kvalitet, og skal vera tilgjengelege for inspeksjon og spyling*).
 - d. På eit gravfelt som er teke i bruk, kan det berre leggjast nye drensleidningar når det er godkjent av statsforvaltaren.
- c) **Nye kistegraver** i felt skal være minst **3 meter lang og 1,5 meter bred**.
- a. På felt E (den gamle gravplass anlagt før 1970) opprettheld ein dei alt etablerte felta med tilhøyrande graver, inntil anna måtte bli bestemt. Det planleggast å tilføre jord, slik at kister får minst 0,8 meter jordoverdekning, jfr minstekrava i lova.
 - b. For nytt felt etablerast eit minst 0,3 meter tjukt lag jord under kistebotnen, og på alle sider, skilt frå under og kringliggjande drenerande steinmassar med geoduk.
- d) **Urnegravene skal være minst 2,25 m² stor og deles opp i fire like store areal som kvar gir plass til ei askeurne.** (På gravplass anlagt før 1. januar 1997 kan gravene ha dei tidlegare dimensjonane).
- a. Askeurne skal gravleggast slik at den **har minst 0,5 meter jordoverdekning** og er omslutta av jord på alle sider.
- e) **Detaljplanar** for godkjenning før igangsetting, vil omfatte mellom anna:
- a. Konkurranse- og kontraktsregler for offentleg innkjøp m/kunngjering
 - b. Arbeidsteikningar for grunn- og fundamentarbeida, tørrmurer, detaljer, skjema m/anna konkurransegrunnlag.
 - c. Også sjølve minnesmerke for minnelund, med ikring liggjande flater, benker og planter, må detaljplanleggjast vidare.

Gravplasser på Fedje før tiltak

Gravplassane i Fedje kommune før utviding:




Utkast plan gravplassutviding og oppgradering

Utviding mot nord samt nivåjustering av den tilstøytane eldste gravplassen på Kopper.

Etterfølgande teikningar synar tilkomst, gravfelt, urnefelt, og det er også føreslege avsett eit mindre areal for ei minnelund, etter mønster og funksjon tilsvarande som minnelunden ved Fana kyrkje.

Situasjonsteikning:



Planen for felt F (utvidinga) gir plass til 94 nye kistegraver + 40 urnegraver. Innbyrdes er gravene plassert slik at justering tal kiste/urne vert mogleg, dersom seinare ønske for det.

For gravfelt merka E, reknar ein med at eksisterande graver vert ståande som i dag, utan nye eller auke i tal på graver. På teikning ovanfor er markert plassering gravstøtter og tal på graver, slik dei står i dag.


God informasjon til festalar og gravansvarlege må ivaretakast slik påpeika av Statsforvaltaren:

Gravfelt E

Ved oppfylling av eit gravfelt i bruk er det viktig å gi god informasjon om prosessen. Festalar og gravansvarlege må bli tilskrive i god tid før start. I tillegg bør det bli gitt informasjon om arbeidet til besökande ved gravplassen. Dette kan til dømes gjerast i ein lokal avis og ved å setja opp eit skilt eller ein plakat på ein sentral stad på gravplassen.

Minnelund:

I tillegg er medteke plass for minnelund, med felles lokal solid skiferhelle m/høgd inntil ca 3m. Sjå illustrasjon:

**Skog:**

Ut over gravfeltet, så skal det takast med full fjerning/flathogging av heile skogen mellom gravplassen og sjøen i aust. Dette vert ei tilbakeføring til nær slik området såg ut før gravfelt A ble opparbeidd på 1970-tallet, då det ikkje fantast trær i dette området. (Heile Fedje var den gang nær heilt utan trær). Det er ikkje rekna med noko ny vegetasjon. Ny naturleg vegetasjon vil verte halde nede frametter.

UU – Universell utforming

Planlagde fallforhold varetek omsyn til aktuelle UU-krav. Maks høgdeskilnad mellom vegar og tilstøytane jordareal vert sett til 2 cm, markert med cortenstål. Ny veg og plass med overflate av grus, mens utanom arealet føre minnelund som vert hellelagt, og forsynt med fysisk markering/ledelinjer i overflata mellom benker og minnesmerke, av omsyn til blinde og svaksynte.

Helsefagleg myndighet og behov for særskilt tilrettelagde graver

Ved utviding av ein gravplass skal helsefagleg myndigkeit i kommunen bli gitt høve til å uttala seg om gravplassplanane. I tillegg skal behovet for særskilt tilrettelagde graver vurderast, jf. Gravplassforskrifta § 2 andre ledd. I den endelige gravplassplanen må det komma fram om dette er gjort.

Det er ikkje rekna med nokre særskilt tilrettelagde graver. Forprosjektet vert førelagt helsevernet v/distriktslegen for eventuelle merknader.


Formell godkjenning


Anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass skal skje i henhold til plan for gravplassen som vedtas av gravplassmyndigheten og godkjennes av statsforvalteren, jf. gravplassloven § 4 første ledd. Ved anlegg, utvidelse og vesentlig endring skal behovet for særskilt tilrettelagte graver vurderes. Helsefaglig myndighet i kommunen skal gis anledning til å uttale seg om plan for gravplassen før vedtak fattes.

Prinsippsnitt:


For å illustrere nærmere korleis det ser ut i grunnen, basert på innmåling og bonitering, samanholt med plan og høgder for aktuell ombygging mv. tar ein med to typiske lengdesnitt. Vær merksam på at høgdemålestokk på desse er dobbelt av lengdemålestokk, for at ein betre skal kunne lese skilnaden.

Dette også som grunnlag for prinsippgodkjenning av planane, slik at det kan søkast om formell godkjenning i medhald av plan og bygningslova, samt utarbeide grunnlag for offentleg innkjøp av opparbeidninga.





Prinsippdetalj kistegrav:






Figur 62: Jordprofil av kistegrav. Toppmasse for grøntanlegg ligger over undergrunnsmasse. Det bør være jevne og gradvis strukturoverganger nedover. For eksempel kan det være en jordblanding basert på mellomsand for topplag med noe høyere organisk innhold, den samme mellomsanden i undergrunnsmassene i blandet mindre organisk materiale, og bløddet grov sand i de nederste 50 cm under kisten. Dette gir en kontinuerlig vanntransport til drenslaget i bånen, som bør være en finsand. Målene er satt etter minimums- og maksimumskravene fra gravførdsforskriften. Illustrasjon: Marina Gamborg.

6.2 Jordsmonn

Viktige egenskaper til jordsmonn:

- Tilstrekkelig vannleddningsevne
- Tilstrekkelig vannlagingsevne
- God luftveksling
- Mikrobiell aktivitet
- Noe innhold av organisk materiale





Dimensjonering

Følgjande mål er lagt til grunn:

- Kistegrav skal være minst 3 meter lang og 1,5 meter bred.**
 - Djupne for kistegrav minst **1,7 m** over drenering
 - Høgder:
 - Over dekning minst 80 cm
 - Kiste høgde maks 60 cm
 - Under kiste, men over drenering minimum 30 cm
 - Anonym kistegrav for dødfødde og barn under 1 år skal være minst 1,5 meter lang og 0,75 meter bred.
 - Tal nye gravplassar felt F: 94 kistegravplasser
- Urnegrav skal være minst 1,5 meter lang og 1,5 meter bred.**
 - Djupne for Urnegrav minimum **1,2 m** over drenering
 - Høgder:
 - Over dekning minimum 50 cm
 - Urne høgde maks 40 cm
 - Under urne, men over drenering minimum 30 cm
 - Anonym urnegrav skal være minst 0,5 meter lang og 0,5 meter bred med plass for éin askeurne.
 - Tal nye urnegravplassar: 40 urnegravplassar
- Minnelund**
 - På felles minnestein vert sett av plass til 18 skilt
 - Det er sett av plass til anonym urnenedsetting like ved monumentet
 - Plassen vert tilrettelagt med felles plass for lys/blomster ved monumentet samt 2 benker

Med helsing

For ARTEC AS

Rune Tangen

M: 92043532 | rt@artec.no

Generelt grunnlag:

Planforslaget er - så langt råd - basert på følgjande:

Lover/forskrifter:

- Lov om kirkegård, kremasjon og gravferd (gravferdslova) med
 - Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassforskriften) sist rev 01.01.2021
- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern (arbeidsmiljølova)
 - med tilhørende forskrifter
- Plan og bygningslova, med
 - tilhørende forskrifter/SAK10
- Forskrift om transport, handtering og emballering av lik samt gravferd.

Rundskriv:

- kultur- og kirkedepartementet:
F-77-99 Veiledning vedrørende saker om spredning av aske
- Miljøverndepartementet:
T-3/2000. Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø

Litteratur:

- «kvalitet og verdighet». 2003.
Rapport fra partsammensatt utvalg om gravferdssektorens kompetansebehov. (kan bestilles fra kA)
- Klingberg, Helge: «kirkegårdsboka»
Ars Longa AS, Melsomvikveien 38, 3160 Stokke. Tlf. 33 33 88 11

Nettsteder og aktuelle adresser:

- norsk Forening for kirkegårdskultur: (har diverse kurs og fagdager)
www.kirkegaardskultur.no
- kA kirkelig arbeidsgiver og interesseorganisasjon:
www.ka.no
- kirkeavdelingen i kultur og kirkedepartementet:
www.regjeringen.no/kkd
departementets kirkegårdskonsulent Åse Skrøvset,
e-post: aase.skroevset@kirken.no
- Fagforbundet Seksjon kirke, kultur og oppvekst:
www.fagforbundet.no/skko

Tegningsfiler pr 11.1.2022:

- 020 SIT-PLAN 11-1-22..pdf
- 021 plantegning 11-1-22 e-f-g.pdf
- 022 GRAVFELT E- 11-1-22.pdf
- 023 GRAVFELT f-g 11-1-22.pdf
- 030 Lengdeprofil 1-3 11-1-22.pdf
- 031 Tverrprofil F 11-1-22.pdf
- 040 NATURTSTEINSMUR 11-1-22..pdf
- 050 KISTEGRAV SNITT 11-1-22.pdf
- 051 MINNELUND 11-1-22..pdf
- 060 FORTAU OG DIV DIV.pdf